

Elin takkar for støtta.

27.09.2012



Elin er svært takksam for alle stemmene ho får.(Foto: Privat)

Elin Enes seier til uskedalen.no at ho har veldig lyst til å takka alle som stemmer.

- Veldig fint om de kunne fått på trykk ei takk frå meg. Eg er både overveldø og rørt over den store og gode støtta eg har fått.

- I løpet av siste døgn har eg fått ca 450 stemmer og det er ikkje anna enn imponerande. Dette hadde ikkje vore mogleg utan den massive støtta eg har fått, både på facebook og frå Uskedalen.no Eg er heilt rørt over den oppslutninga eg har fått, og håpar sjølvsagt at så mange som mogleg vil fortsetja å stemma.

Akkurat no har Elin 768 stemmer på ein relativt klar førsteplass, men det er viktig å halde trykket oppe på stemminga, for også dei som ligg bak sankar godt med stemmer. Vi stemmer altså ved å gå inn på lenkja:

<http://delta.jernia.no/konkurranse/post/29/elin-enes>

Der klikkar vi på tommeleien under bildet. Vi kan stemme kvar 12. time. For å sjå resultatet i den spennande utviklinga kan vi klikke oss inn på 'Topp 30'. Det er no viktig at vi held fram å stemma.

Det er også ei dame til med Kvinnhersblod i årene som er med og kjempar i toppen. Hege Vevle frå Kristiansand som akkurat no ligg på delt 2.plass er dotter til Jorunn Vevle frå Valen. Kanskje kan det verta to

Kvinnheradsjenter som reiser med Eyvind Hellstrøm til Toscana i slutten av oktober?

Elin fortel at ho merkar stor interesse og engasjement for avstemminga frå omgivelsane. Ho kan og fortelje at journalist(og matbloggar) Anders Totland i avisa Sunnhordland har intervjuet henne.

Av: Thor Inge Døssland



Frå desse flotte, nye lokalene skal Elin snart spreia sine matgleder.